

Nissen kjem til Uskedalen på fredag.

29.11.2016



Nissen kom med hesteskyss for rundt 40 år sidan.

Julenissen kjem garantert til Julegrantenninga i Uskedalen på fredag. Han har vore svært trufast på arrangementa opp gjennom åra når den flottaste julegrana i mange mils omkrins har vorte tent. Om han kjem med like staseleg skyss som denne nissen for rundt 40 år sidan, er uvisst. Men det viktigaste er at han kjem. Det er alltid like populært!

Biletet over er henta frå tida då ansvaret for at det kom julenissemøtet tilbake til Uskedalen var å få til arrangementet. Julenissen kom med pakkar til borna gjekk på omgang mellom dei tre daglegvarebutikkane i bygda. Skysskaren er slaktar Brynjulf Berge, og tek eg ikkje mykje feil, er han i nissedrakt ein velkjend handelsmann som kunne måla seg med julenissen i popularitet, Harald Nilsen.

Gjennom åra har ramma for arrangementet endra seg, men frå 1963 har Uskedal musikklag kvart år sytt for at grana har vorte tent. Mandag var medlemmene Knut Stensletten, Lars Myklebust og Ståle Eik på plass. Dei fekk lysa på treet, og dei testa at alt lyste og fungerte. Denne gjengen har gjennom åra lagt ned ein stor dugnadsinnsats for at Julagrano skal presentera seg finast mogeleg trass i at vergudane einskilde år har vore lite samarbeidsvillige og vindråsene har gjort sitt for å knusa flest mogeleg pærer. Innsatsen er imponerande!

Fredag startar arrangementet som Damevennene er ansvarleg for, kl.16. Det vert julemarknad i Helgheim med salg av mykje både fint og godt. Her vil ein finna tresleiver, eplesaft, spekemat, heimesydde barnekle, strikk, handarbeid, kjeks, lefser og Aloe Vera-produkt. I Helgheimskjellaren vert det salg av julegraut. I Gamleskulen er det salg av kaker og kaffi, medan ein ute kan få kjøpt julanek, gløgg og lappar.

Presis kl.17 vert Julagrano tent, medan dei rutinerte musikkarane i musikklaget spelar julemusikk. Her vert det også eit nytt innslag i år. Det vert vakre julesongar av Lina Håland som vert akompagnert av Erlingur Nielsson på gitar. På eitt eller anna tidspunkt dukkar nok julenissen opp og set ein ekstra spiss på dette flotte førjulsarrangementet.

Nytt av året er det at det vert engleverkstad i kyrkja. Den er gratis for alle og startar like etter at grana er tent. Soknerådet samarbeider med nokre av barneaktivitetane i bedehuset om engleverkstaden, og det vert tre ulike stasjonar der. Vi håpar det slår godt an!

Det teiknar til at det vert eit svært innhaldsrikt program rundt julegrantenninga dette året!



Det har vore mykje folk på julegrantenninga i alle år. Her i 1977.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Harald Sætre